



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2024/1168-25

Sakshandsamar: Hilde Øyane

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Kommunestyre	11.02.2025	1/25

Orientering kring Ungdataundersøkinga 2024Vedlegg

1 Telemark_Tokke_2024_Ungdomsskule_Kommune

2 Særutskrift Ungdataundersøkinga 2024

Bakgrunn for saka

Ungdata-undersøkingane blir gjennomførte ved at skuleelevar på barnetrinnet (5.–7.trinn), ungdomstrinnet (8.–10.-trinn) og i vidaregåande opplæring (Vg1–Vg3, t.o.m. 19 år) svarer på spørsmål om ulike sider ved livet sitt. Ungdata er eit gratis tilbod til alle norske kommunar og fylkeskommunar. Tokke kommune har gjennomført Ungdata-undersøkinga sidan 2015. Undersøkinga gjennomførast kvart tredje år på våren.

Saksutgreiing

Ungdata-undersøkinga i kommunen/fylkeskommunen skal forankrast på eit passande høgt leiarnivå, helst kommunedirektør- fylkeskommunedirektørnivå. Det er òg viktig at Ungdata-undersøkinga blir gjennomført på ein måte som tillèt tverrfagleg samarbeid internt i kommunen/fylkeskommunen. Ein bør òg leggje til rette for at ungdommen kan bidra i planlegginga av undersøkinga, i analysen av resultata og når

det gjeld korleis resultata skal brukast etter undersøkinga. Nøkkeltallsrapportar blir tilgjengeleg i august, og gjennom hausten er det fleire Ungdatakonferansar, der hovedefunn blir presentert. Tokke kommune hadde fleire representert på Ungdatakonferansen i Skien 13.november

Konklusjon

Ungdommens stemme er viktig å ta hensyn til når resultata frå Ungdata-undersøkinga skal drøftast, tolkast og analysert. Difor oppmodar KORUS (Kompetansesenter for rusfeltet) kommunar som gjennomfører undersøkinga til å involvere ungdom i alle ledd av prosessen. Resultata i Ungdata er ungdommanes eigne tal. Viktig å gje dei tid til å sjølv tolke funn og jobbe aktivt med det som dei finn interessant. Det er etablert ei tverrfagleg arbeidsgruppe som hadde sitt fyrste møte i desember. Her sit ressurspersonar som skal halde tråden i sine avdelingar og forankre arbeidet med Ungdata i samarbeid med ungdommen. Tokke ungdomsråd har no starta arbeidet med å bruke tala til å gi informasjon om både utfordringsbilete og kva som er bra med å leve på bygda.

Kommunedirektørens tilråding

Orienteringa blir teke til vitande.